



MODULSTRUKTURERT OPPLÆRING FOR VAKSNE (MVOV)

- Informasjon til lærebedrifter

Innhald

Kva er MVOV?	3
Viktige særtrekk ved MVOV:.....	3
Kvifor skal bedrifta di engasjere seg i MVOV?	2
Kompetanse og rekruttering.....	2
Samfunnsansvar og omdøme.....	2
Økonomiske fordelar	2
Kva lærefag gjeld ordninga for?	3
Lærebedrift eller praksisbedrift – kva er skilnaden?	3
Opplæring i bedrift – ulike løysingar	3
Slik fungerer modulstrukturert opplæring.	5
Opplæring med utgangspunkt i realkompetanse.	6
1. Bedrifta avtala at kandidaten tek kontakt med Rettleiings-tenesta	6
2. Realkompetanse og realkompetansevurdering (RKV).....	6
3. Fylkeskommunen ved Rettleiingstenesta fattar vedtak.....	6
4. Lærekontrakt blir oppretta.....	7
5. Opplæring i bedrift	7
7. Oppmelding til fag- eller sveineprøve	8
8. Vitnemål	8
Ansvar og rollar	8
Tilskot og økonomi.	9
Basistilskot 2.....	9
Tilretteleggingstilskot.....	9
Verdiskaping	9

Kontraktar og rutinar	10
Vanlege spørsmål (FAQ)	11
Kva skjer om kandidaten ikkje blir godkjend i ein modul?	11
Må bedrifta gje opplæring i fellesfag?	11
Kan den vaksne halde fram med vanleg arbeid parallelt?	11
Korleis lang er opplæringstida?.....	11
Kven har ansvaret for å melde kandidaten opp til eksamen og fag-/sveineprøve?	12
Kontaktinformasjon og nyttige lenkjer	12
Kontakt Rettleiingstenesta	12
Nyttige lenkjer:.....	12

Kva er MVOV?

MVOV er ein fleksibel opplæringsmodell som gjev vaksne ein ny veg til fag- eller sveinebrev. Arbeidsplassen er den viktigaste opplæringsarenaen – og bedrifta er ein nøkkelpartner. Formålet med opplæringsmodellen er at den vaksne raskt og effektivt skal oppnå den kompetansen som er nødvendig for å bestå eksamen og fag- eller sveineprøva i det aktuelle lærefaget. Sluttkompetansen er den same som for ordinært løp.

Viktige særtrekk ved MVOV:

- Sluttkompetansen er på same nivå som for alle lærlingar i bedrift. (eksamen + fag-/sveineprøve)
- Opplæringstida er ikkje fast – ho blir tilpassa realkompetanse og progresjon
- Intensjonen er at opplæringa skjer i lærebedrift etter den modulstrukturerte læreplanen. (Oversikt over modulstrukturerte læreplanar med link til informasjon på Udir si nettside er å finne lengre nede på denne sida under avsnittet “Kva lærefag gjeld ordninga for?”)

Kvifor skal bedrifta di engasjere seg i MVOV?

Kompetanse og rekruttering

- **Kvalifiser egne tilsette:** Gje tilsette utan fagbrev formell kompetanse som styrkar kvaliteten i tenesta
- **Rekruttering:** MVOV kan vere ein kanal for å rekruttere ny, kvalifisert arbeidskraft i bransjar med mangel på fagarbeidarar
- **Erfarne medarbeidarar:** Vaksne deltakarar bidreg til produksjon frå dag éin, fordi mange allereie har arbeidserfaring – i motsetnad til unge lærlingar som treng meir grunnopplæring

Samfunnsansvar og omdøme

- **Vise ansvar:** Bedrifta viser at ho tek ansvar for kompetanseutvikling og inkludering i arbeidslivet
- **Styrka konkurransekraft:** I bransjar med krav om lærlingar i offentlege anbod, stiller bedrifta sterkare dersom ho allereie jobbar systematisk med opplæring og utvikling.

Økonomiske fordelar

Å ta inn ein lærling er ei investering i framtidig kompetanse – både for di eiga verksemd og for arbeidslivet i regionen. Bedrifter som gir ungdom og vaksne moglegheit til opplæring i bedrift, spelar ei viktig rolle i å utvikle fagkompetanse og sikre rekruttering til viktige yrke.

Det finst ordningar som gir økonomisk støtte til bedrifter som tek inn lærlingar, praksisbrevkandidatar, lære kandidatatar eller som tilbyr opplæring gjennom fagbrev på jobb. For lærekontraktar innan MVOV får lærebedrifta tilskot etter gjeldande satsar etter basistilskot 2.

Oppdaterte og gjeldande satsar finn de på Utdanningsdirektoratet (Udir) sine nettsider, der de også får meir detaljert informasjon om dei ulike ordningane:

Kva lærefag gjeld ordninga for?

Utdanningsdirektoratet har per i dag modulstrukturerte læreplanar i 16 lærefag. I Vestland fylkeskommune tilbyr ulike variantar av MVOV:



[Betongfaget](#)

[Blomsterdekoratørfaget](#)

[Bunadtilverkarfaget](#)

[Ernæringskokkfaget](#)

[Fiske og fangst](#)

[Helsearbeidar-faget](#)

[Håndveverfaget](#)

[Gjenvinningsfaget](#)

[Kokkfaget](#)

[Logistikkfaget](#)

[Måler- og
overflateteknikkfaget](#)

[Produksjons-teknikkfaget](#)


[Salgsfaget](#)

[Snekkerfaget med
fordypningsområde](#)

[Renholdsoperatørfaget](#)

[Rørleggerfaget](#)

[Frisørfaget](#)




Lærebedrift eller praksisbedrift – kva er skilnaden?

Opplæring i bedrift – ulike løysingar

Modulstrukturert opplæring for vaksne kan organiserast på ulike måtar når kandidaten er i bedrift:

Opplæring i bedrift <-> skule



1. Lærekontrakt i bedrift (hovuddelen i bedrift)

- Kandidaten har lærekontrakt med bedrifta.
- Bedrifta har hovudansvar for opplæringa i dei yrkesrelaterte modulane.
- Bedrifta har ansvar for midtvegsvurdering i modulane, formativ vurdering undervegs og for å godkjenne modular.
- Fylkeskommunen kan ta ansvar for opplæring i manglande kompetanse i modulen for norsk og samfunnskunnskap, etter avtale med bedrifta. Fylkeskommunen kan òg ved nokre høve tilby opplæring i programfagteori fram mot 3103 eksamen.
- Bedrifta melder kandidaten opp til eksamen etter at opplæring i alle modulane er gjennomført. Eksamen 3103 for lærefaget må vera bestått før kandidaten kan meldast opp til fag- eller sveineprøve.

Modellen med opplæring i MVOV-fag i lærebedrift, utløyser basistilskot 2 til lærebedrifta. Deltakar kan få restopplæring i teori i skule eller på nett etter same vilkår som for andre lærlingar om/når det er behov for dette.

2. Skulen har ansvar - praksis i bedrift.

Kandidaten er tatt inn til sluttopplæring i skule, og har status som deltakar. Skulen har ansvaret for å formidle deltakaren ut til opplæring i bedrift.

- Skulen har ansvaret for å legge til rette for opplæring, vurdering og dokumentasjon.
- Bedrifter som tar i mot deltakar i modulstrukturert opplæring skal tilby praksisplass og rettleiing i det daglege arbeidet.
- Skulen melder deltakaren opp til sentralgitt eksamen etter at opplæring i alle modulane er gjennomført og deretter fag- eller sveineprøve.

Denne modellen blir nytta når kandidaten ikkje er formidla til opplæring i bedrift.

Slik fungerer modulstrukturert opplæring.



Made with Napkin

Opplæring med utgangspunkt i realkompetanse.

Realkompetanse er alt det ein person kan – gjennom formell utdanning, kurs, løna og frivillig arbeid, omsorgsarbeid i heimen eller fritidsaktivitetar. Det avgjerande er om realkompetansen er likeverdig med kompetansen i læreplanen.

1. Bedrifta avtaler at kandidaten tek kontakt med Rettleiings tenesta.

- Kandidaten får rettleiing om søknadsprosessen og søker vidaregåande opplæring for vaksne i VIGO. (Sjå visuell modell over)

2. Realkompetanse og realkompetansevurdering (RKV)

Realkompetanse omfattar all relevant kompetanse som kandidaten har frå arbeid, utdanning, kurs og anna erfaring. **I modulstrukturert opplæring blir realkompetansen vurdert opp mot kompetansemåla i læreplanen.**

Kandidaten sin realkompetanse blir vurdert av Rettleiingstenesta og ein kvalifisert fagkonsulent. Resultatet dannar grunnlaget for kor lang restopplæring ein ser for seg at kandidaten treng.

Modular eller delar av modular som er godkjende gjennom realkompetansevurdering, skal det ikkje givast opplæring i. Dette inneber at bedrifta ikkje har opplæringsansvar for kompetanse som kandidaten allereie er vurdert å ha. Opplæringa skal berre omfatte den restkompetansen kandidaten manglar for å kunne gå opp til eksamen og fag- eller sveineprøve

3. Fylkeskommunen ved Rettleiingstenesta fattar vedtak

Rettleiingstenesta fattar enkeltvedtak på bakgrunn av realkompetansevurderinga og sender brev om resultat av denne til kandidaten. Rettleiingstenesta skriv programområdekoden til faget som kandidaten skal kontrakt i.

Kandidaten mottek brev i Digipost.

4. Lærekontrakt blir oppretta

- a) Lærekontrakt i bedrift blir oppretta på bakgrunn av vedtak om restopplæring.
- b) Deltakarar som har registrert at dei har avtale om opplæring i bedrift må formidle resultat av vedtak om realkompetansevurdering til lærebedrifta.
- c) Bedrifta melder behov om lærekontrakt gjennom e-dialog, eller opprettar lærekontrakt med modulstrukturert programkode i Vigo bedrift.
- d) Vedtaket viser kva modular kandidaten treng opplæring i.

Alle lærlingar og lærebedrifter kan kontakte Rettleiingstenesta ved behov.

Kontakt opplysingar finn de her:

<https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/rettleiingstenesta/>

5. Opplæring i bedrift

Bedrifta gjev opplæring etter intern opplæringsplan i tråd med læreplan. Kandidaten får undervegs- og midtvegsvurdering. Ved avslutning av opplæringa i kvar modul gjev bedrifta ei vurdering. Denne vurderinga registrerer bedrifta i Vigo bedrift.

All vurdering i modulstrukturert opplæring er undervegsvurdering. For vaksne blir det brukt omgrepet midtvegsvurdering i staden for halvårsvurdering. Midtvegsvurdering skal gjennomførast både undervegs i opplæringa og ved avslutning av kvar modul.

Ved avslutning av opplæringa i ein modul skal kandidaten få éin vurdering med karakter. Karakteruttrykka er:

- Godkjent
- Ikkje godkjent

Denne vurderinga blir rekna som ei midtvegsvurdering med karakter, ikkje ei sluttvurdering. Bedrifta skal samtidig gi rettleiing om korleis kandidaten kan vidareutvikle kompetansen sin fram mot fag- eller sveineprøva.

Sluttvurdering etter modulstrukturert opplæring er eksamen med påfølgande fag-sveineprøve.

6. Eksamen

Eksamen i modulstrukturert opplæring er den same eksamen som blir brukt for

praksiskandidatar og lærlingar som har full opplæring i bedrift.

Når kandidaten har fått opplæring og vurderingsuttrykk - godkjent/ikkje godkjent – i alle modular, kan kandidaten gå opp til 3103 eksamen. Kven som melder opp er avhengig av kontraktstypen:

- **Lærekontrakt i bedrift:** Bedrifta tar kontakt med fylkeskommunen og melder kandidaten opp til eksamen.
- **Avtale om fagopplæring i skule:** Skulen melder opp til eksamen.

Fylkeskommunen har høve til å melde kandidaten opp til eksamen før opplæringa er avslutta i alle modular, fordi oppmeldingsfristen til eksamen berre er to gonger i året. Eksamen kan likevel ikkje gjennomførast før kandidaten har fått karakter (godkjent/ikkje godkjent) i alle modular.

7. Oppmelding til fag- eller sveineprøve

Eksamen må vere bestått før kandidaten kan meldast opp til fag- eller sveineprøve.

- Oppmelding skal skje seinast tre månader før læretida er over.
- Lærekontrakt i bedrift: Bedrifta melder opp til fag-/sveineprøve
- Avtale om fagopplæring i skule: Skulen melder opp til fag-/sveineprøve

8. Vitnemål

Ved bestått fag-/sveineprøve opprettar fylkeskommunen dokumentasjon (vitnemål) i tråd med gjeldande regelverk.

Ansvar og rollar

Ansvar og rollar – kven gjer kva?

Område	Opplæring i bedrift - lærekontrakt	Fylkeskommune - avtale om fagopplæring i skule
Opplæring	<i>Gje opplæring etter intern opplæringsplan i tråd med modul- strukturert læreplan.</i>	<i>Gje opplæring etter intern opplæringsplan med opplæring i skule og bedrift, i tråd med modul- strukturert læreplan (skule koordinerer).</i>

Vurdering	<i>Ansvar for undervegs- og midtvegsvurdering (undervegs og ved avslutning). Godkjenne/ikkje godkjenne modular.</i>	<i>Ansvar for undervegs- og midtvegsvurdering, dokumentere godkjende modular i samarbeid med bedrift.</i>
Oppmelding	<i>Melde opp til fag-/sveineprøve (ved lærekontrakt i bedrift).</i>	<i>Melde opp til eksamen (også ved lærekontrakt i bedrift) Oppmelding til fagprøve ved avtale om fagopplæring i skule.</i>
Administrasjon	<i>Oppfølging av lærekontrakt og dokumentasjon.</i>	<i>Saksbehandling, lærekontraktar, dokumentasjon.</i>

Tilskot og økonomi.

Basistilskot 2

Lærekontrakt i bedrift utløyer basistilskot 2. Gjeldande satsar finn de på Udir.no

<https://www.udir.no/om-udir/tilskudd-og-prosjektmidler/tilskuddssatser/2026/satser-larlinger-praksisbrevkandidater-larekandidater-kandidater-fagbrev-2026/>

Tilretteleggingstilskot

For kandidatar med særskilde behov kan bedrifta søkje om tilskot for å dekkje ekstra kostnader knytt til tilrettelegging av opplæringa. Tilrettelegging kan òg vere eit samarbeid mellom fylkeskommune, NAV og lærebedrifta.

Verdiskaping

Den vaksne medarbeidaren er allereie ein erfaren arbeidstakar som bidreg til produksjon og verdiskaping i bedrifta under opplæringa.

Kontraktar og rutinar

Regelverk og kontraktgrunnlag

Når vaksne deltakarar får opplæring i bedrift etter modulstrukturert opplæring for vaksne (MVOV), gjeld reglane i kapittel 7 i opplæringslova for den delen av opplæringa som skjer i bedrift. Dette tilsvarar regelverket for ordinære lærlingar, men opplæringa er tilpassa vaksne sitt utgangspunkt, realkompetanse og progresjon.

Det skal opprettast lærekontrakt mellom fylkeskommunen, bedrifta og kandidaten. Dersom det er behov for restopplæring i kompetansemål frå vg1 eller vg2 i modulane, eller norsk og samfunnskunnskap, må dette meldast inn til fylkeskommunen. Kontrakten skal også vise kor lenge opplæringa er planlagt å vare.

Dersom det viser seg at kandidaten har behov for kortare eller lengre opplæringstid enn det som er fastsett i kontrakten, kan opplæringstida justerast. Endring krev samtykke frå fylkeskommunen. Lærling, bedrift/skule må begge sende inn signert samtykke.

Lærekontrakt i bedrift

- Lærekontrakt i bedrift følgjer kapittel 7 i opplæringslova
- Kontrakten blir oppretta på bakgrunn av vedtak om restopplæring etter realkompetansevurdering
- Ved endring av lærekontrakt frå skule til bedrift er det naturleg å vurdere om opplæringstida skal justerast med bakgrunn i kandidaten sin progresjon. (midtvegs/undervegs) Endring av kontrakt krev signert samtykke frå begge partar.
- Justering av opplæringstid krev samtykke frå fylkeskommunen (opplæringslova § 7-2)

Fleksibilitet

Opplæringstida er ikkje fast, men blir tilpassa kandidaten sin progresjon og realkompetanse. Dette gjer at kandidaten kan kombinere opplæring med arbeid og andre forpliktingar.

Vanlege spørsmål (FAQ)

Kva skjer om kandidaten ikkje blir godkjend i ein modul?

- Opplæringa kan utvidast, eller fylkeskommunen kan tilby støtte og ekstra oppfølging. Ta kontakt med Rettleiingstenesta i fylkeskommunen for å få hjelp til å finne gode løysingar. Deltakarar som ikkje består eksamen og/eller fagprøve har òg rett til meir opplæring dekkja av fylkeskommunen. Meir opplæring kan etter avtale skje i bedrift eller skule.

Må bedrifta gje opplæring i fellesfag?

Nei, bedrifta kan melde behov for opplæring i restteori (opplæring i kompetansemål frå fellesfag og programfag frå Vg1/Vg2 i modulane) eller modulen norsk og samfunnskunnskap til fylkeskommunen.

Kan den vaksne halde fram med vanleg arbeid parallelt?

Ja, ordninga er designa for at opplæring, arbeid og andre plikter kan kombinerast. Dette er ein av hovudfordelane med MVOV. I dei høva der opplæringa skal kombinerast med arbeid, må det avklarast omfang av kva som er opplæring og kva som er arbeid.

Kor lang er opplæringstida?

Opplæringstida er ikkje fast, men blir tilpassa kandidaten sin realkompetanse og progresjon. Dette blir avgjort gjennom realkompetansevurderinga. Om det viser seg at lærlingen har behov for kortare eller lengre opplæringstid kan denne justerast i undervegs- eller [mitdvegsvurderinga](#).

Kven har ansvaret for å melde kandidaten opp til eksamen og fag-/sveineprøve?

Dette avheng av kontraktstypen:

Lærekontrakt i bedrift: Fylkeskommunen melder deltakar opp til eksamen, bedrifta melder opp til fag-/sveineprøve. Lærebedrifta melder i tilstrekkeleg tid frå til IFS (inntak, forvaltning og sluttvurdering) når deltakar er klar for å gå opp til eksamen.

Lærekontrakt i skule: Skulen/fylkeskommunen har ansvaret for begge oppmeldings

Kontaktinformasjon og nyttige lenkjer

Kontakt Rettleiingstenesta


For rettleiing om søknadsprosess og meir informasjon om MVOV, kontakt Rettleiingstenesta i Vestland fylkeskommune.

Nyttige lenkjer:

- [Rettleiingstenesta Vestland](#)
- [Søknad vidaregåande opplæring for vaksne:](#)
- [Meir informasjon om modulstrukturert opplæring: Modulstrukturert opplæring for vaksne i vidaregåande | udir.no](#)
- [Introduksjon i læreplaner for lærebedrifter og prøvenemnder](#)
- [Satser lærlinger, praksisbrevkandidater, lærekandidater og kandidater for fagbrev på jobb 2026 | udir.no](#)

Vestland fylkeskommune

Vi ser fram til eit godt samarbeid med di bedrift!



vestlandfylke.no